

Til elevar som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk

Informasjon om tilpassa opplæring for deg som går i ordinær opplæring og som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk

Alle elevar har rett til tilpassa opplæring og eit inkluderande skule- og læringsmiljø (opplæringslova §§ 11-1, 11-2, 12-2). Dette betyr at skulen må leggje til rette undervisninga og opplæringa for kvar enkelt elev, slik at alle kan delta og oppleve meistring i skulekvardagen.

Elevar som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk, kan ha rett til ekstra tilrettelegging av undervisninga og fag-/timeplanen (opplæringslova § 6-5).

Dette kan bidra til at du får eit betre opplæringstilbod på skulen, og at det dermed blir lettare for deg å fullføre og bestå faga i vidaregåande skule.

Kva rettane **kan** bestå av:

- Forenkla læreplan i norsk
- Fritak frå opplæring og/eller vurdering i sidemål
- Tilpassing av fag og timeplan
- Ekstra hjelp og tilrettelegging i undervisninga
- Tilpassing av prøver og vurderingar
- Ekstra norskopplæring

Språknivået du har i norsk avgjer om du har rett til ekstra tilrettelegging og kva for tilrettelegging du har rett på.

For å finne ut dette, må du ta ein skriveprøve i norsk.

1. Prøva tek maks 90 minutt, og svaret ditt blir vurdert etter [det europeiske rammeverket for språk](#). Det betyr at du etter prøva får vite kva språknivå du har i norsk.
2. Resultatet på prøva (språknivået ditt i norsk) tel berre som dokumentasjon for deg og skulen på kva for ekstra rettar du har til tilpassa opplæring. Resultatet vil ikkje stå på vitnemålet ditt.
3. Du må takke ja eller nei til om du ønskjer å ta skriveprøva og få vurdert dine vidare rettar til tilpassa opplæring. Dersom du takkar nei til å gjennomføre språkprøva, kan du miste rettar du har.
4. Etter prøva vil du få ein samtale med kontaktlæraren din eller rådgivar/avdelingsleiar ved skulen. Saman ser de på kva for tilpassingar du har rett på og kva du ønskjer at skulen skal leggje til rette for.

Namn med blokkbokstavar: _____ Klasse: _____

Signatur: _____

Eg takkar ja ☐ / nei ☐ til å gjennomføre kartlegging for å få vurdert mine vidare rettar til tilpassa opplæring.